



NM-vinnar Ingar Kiplesund saman med foreldre og bestemor Margot Haugland.

**Under NM i friidrett på Hamar i helga gjorde fleire utøvarar med sterk tilknytning til Uskedalen det svært bra. Aller best var Ingar Kiplesund, med mor Hildegunn frå Haugland, med det sterke vinnarresultatet 7.93 i lengde. Dei fleste år ville dette resultatet ha halde til kongepokal, men med det høge nivået på herresida i dette NM vert nok det vanskeleg.**

Resultatet til Ingar Kiplesund(22) var både meisterskapsrekord og banerekord, og det er berre 9 cm frå Kristen Fløgstad sin legendariske norgesrekord. Kiplesund har hatt ein knallsesong og hadde over 7.74 i alle sine 4 hopp, medan sølvmedaljevinnaren Martin Roe fekk opp 7.51 i sitt lengste sprang. Kiplesund har tidlegare i sesongen sett personleg rekord på 8 m, og friidrett-Norge ventar no berre på at han skal få fullklaff og slå Fløgstad sin 46 år gamle rekord. Ingar fekk også sølvmedalje i tresteg. Han noterte flotte 15.41 m etter ein svært tett duell med vinnaren.

Fleire med nær tilknytning til bygda har også gjort det godt årets NM. Det unge søskenparet Håkon(18) og Vår Eik Litland(16) fortset framgangen. Håkon fekk i år ein flott 5.plass i slegge med gode 57,22 m. Søstera Vår var yngst i spydkonkurransen og fekk opp eit lengstekast på 43,73 m, og det heldt til ein 9.plass. Dei to unge kasttalenta er barnebarna til Liv S. og Audun Eik, og dei representerer Laksevåg TIL.

Eit flott lokalt innslag stod omvikdelingen Sindre Solbakken Omvik for då han kvalifiserte seg for finalen på 1500 m. I finaleløpet gjorde han også ein flott innsats og vart nr.8 med tida 3.56.47. Suveren vinnar vart Jakob Ingebrigtsen med 3.36.33. Sindre har nok også fått ein solid del av løpargena sine frå Uskedalen gjennom bestemora Aslaug Omvik (f. Haugland)

I morgon vert kongepokalane delt ut. På herresida er det oppnådd svært gode resultat, og fleire ville gitt kongepokal i mange tidlegare NM. Lengderesultatet til Ingar Kiplesund er opplagt eitt av desse resultatata. Likevel tyder vel alt på at Karsten Warholm får den også i år etter fantomtida 47.43 på 400 m hekk.

NM vert avslutta i morgon.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland